

Kven hugsar fisket rundt 1960?

11.05.2008

**Kven hugsar korleis fisket var i Uskedalselva i på 1960-talet og gjerne også før den tid?**

Universitetet i Bergen vil gjerne ha opplysningar om det som grunnlag for det verdfulle arbeidet dei driv til beste for fisken i elva. Det fortel storfiskar og oppsynsmann Arne Terje Haugland, som gjerne formidlar opplysningane til Universitetet..

Som ein oppvikkar kan vi minna om at den aller største fisken som nokon gong er fanga i elva vog 17 kilo før sløyning (!) og vart teke for 40 år sidan av Knut Anker Bringedal nedanfor Bjørkelund på Kjærlandssido. På biletet blir han presentert av sonen Knut Bringedal.

Vart det teke andre storfiskar rundt den tida og korleis var fangstane generelt?